

# Oppmannsrapport i engelsk 2013

---

## **Sensorskulering**

Sensorskuleringa vart halden på Alexandra, Loen 13. og 14. mai. Bodil Boie Brekkan, leiar i fagnemnda i engelsk, heldt fagkurset. Tema var vurdering; eksamen og prinsipp for sluttvurdering, vurdering i engelsk og drøfting av siste års oppgåver og elevsvar. Kurset er bevisstgjerrande og gav gode og opplysende diskusjonar. Sterk oppmoding om å bruke tid på eigen skule/eige nettverk på vurdering av elevtekstar for å utvikle eit tolkingsfellesskap. Det var flott å få sensorskuleringa såpass tidleg i forhold til sjølve jobben som sensor, du er mentalt i gong; tid og modning fører til kvalitet. Det er og godt å vere samlokalisert med norsk og matematikksensorane, mange fagleg interessante samtalar i løpet av samlinga. Eg håper modellen blir vidareført.

## **Fellessensuren**

Fellessensurmøtet vart avvikla på Aleksandra, Molde i tidsrommet 17. og 18. juni. Oppmannsgruppa, dvs. 3 av 4, møtte allereie 15. juni for å starte tidleg 16. juni, då ein av sensorane hadde vorte alvorleg sjuk. I samråding med Fylkesmannen delte me skulane og tekstane til den aktuelle sensoren og gjekk igjennom dei slik at me kunne gå inn i samordningsarbeidet i sensoren sin stad. Slik fekk me både gjort bemanna oppmannskontoret og gjort det som måtte til for å få karaktersettinga i hamn.

Elles gjekk oppmann og vara igjennom årets oppgåvesett, litt om det som var oppe under førehandssensurmøtet i Oslo og til slutt vurdering av elevsvar etter årets oppgåver.

## **Gjennomgang av førebuingsmateriell**

Tilbakemeldingar viser at mange elevar opplevde tekstane som spanande, spesielt mange kreative eyewitness-tekstar. Kommentert at tekstane var USA-sentrerte, men reknar med at dette varierer litt frå år til år. Elles kom runenikolaisen.com sine tankar og idear rundt årets eksamen raskt opp som ei ”utfordring”. Dette er å rekne som ei kjelde på lik linje med alle andre kjelder! Men framleis kan me finne heile klasser utan kjelder, det er ikkje bra!

**Førebuingsdagen** er viktig, men sjølv i 2013 verkar det som om nokre skuler/klasser ikkje brukar denne; kommentert at ved nokre skular i Ålesund vart elevane sett til å jobbe heilt på eiga hand. Dette er ikkje bra, det er viktig at elevane får god rettleiing slik at dei er best

mogeleg i stand til å gjere sine egne val.. **Mange elevar har god nytte av å få lytte til tekstane, slik får også dei svakaste lesarane god hjelp.** Det blir oppmoda til å bruke både årets tekstar og tidlegare tekstar i Focus Magazine gjennom arbeidet med engelskfaget heile ungdomsskulen, dei er gode døme innanfor sine sjangrar! Nok ein gong vart det poengtert at engelske tekstar har innrykk, den kunnskapen har ikkje kome fram til alle engelsklærarane! Derimot er dei fleste elevane no **gode på avsnitt!**

**Sensorrettleiinga** er laga for at den skal brukast. Likeeins er **matrisa!** Viktig å gå **inn i tekstane på makronivå, for å vurdere heilskapsinntrykket.** Dei ulike delane tel likt til vurdering. Eksamen målet ulike mål i læreplanen, men lengde på ein elevtekst er ikkje eit kriterium. Tekststruktur, språk og innhald tel like mykje. Men likevel; vurdering er ikkje matematikk og eksakte storleikar. Bruk ditt profesjonelle skjønn!. **Kommunikasjonsverdien av tekstane er det overordna.** NB! Du skal vurdere det som står på papiret, ikkje det du trur eleven er i stand til eller skulle kunna ha gjort.....

#### **Kommentarar frå sensorane:**

##### **Task 1:**

Stort sett godt motteken, men mange elevar refererte meir enn dei reflekterte. For å få høg måloppnåing må ein forvente egne meiningar og refleksjon rundt kven av personane eller tekstane som endra seg mest.

##### **Task 2:**

Dette vart nok rekna som den mest krevjande oppgåva, The Giver var nok den mest utfordrande teksten. Fleire sensorar uttrykte glede over grammatikkkrav! Elevar som ikkje har jobba med tidlegare eksamensoppgåver slit med denne oppgåvetypen. Nokre elevar var usikre på om det var Jonas eller lesaren ein skulle fokusere på, sjølv om det stod presisert i oppgåvebestillinga at det var Jonas.

**Task 3:** Fleire sensorar kommenterte at det var bra å berre ha fire oppgåver å velje mellom, lettare for elevane å skaffe seg oversikt og dei brukte nok kortare tid på å velje og på å kome i gong.

**3A:** Dei fleste hadde klart seg bra, den var overkommeleg og mange hadde funne fram til gode løysingar.

**3B:** Eyewitness account ser ut til no å vere ei kjent oppgåvetype for elevane, mange hadde valt denne. Elevane vart oppmoda om å bruke detaljar frå teksten, mange på middels nivå støtta seg vel mykje på teksten, det vart lite eigenprodusert tekst.

**3C:** Den oppgåva flest av elevane har valt, verka som dei sette pris på å få skrive ein sakprega tekst. Litt varierende i kva grad dei greidde å diskutere sjølve sitatet, men dei på øvste nivå klarte å flette det inn på ein naturleg og flott måte. Det var ein god del elevar som brukte stikkorda i kulepunkt 2 som ein slags disposisjon; eitt avsnitt om kvar av dei.

**3D:** Krevjande oppgåve som ikkje så mange hadde valt. Dei som hadde valt den var flinke elevar. Fleire gløymde samandraget i starten. Kunne og få inntrykk av at nokre blanda saman novel (eng) og novelle, og slik skreiv heile historia, ikkje berre siste sidene. Filmmanus er ofte jobba med i norsk, oppmode om å bruke denne kunnskapen på tvers.

### Viktige fokus framover

- Vaksenverda på skulane MÅ gjere jobben sin og hjelpe elevane med det praktiske; topptekst, bunntekst, sidetal og kor mange sider totalt.
- Oppgåvene er spissa; du skal svare på det du blir beden om å svare på.
- Framleis fokus på kjelder og gode titlar/overskrifter.
- I Møre og Romsdal/Sogn og Fjordane levere no nesten 100% elektronisk, flott!
- Bruke eksamensoppgåvene + matrisa overfor elevar og foreldre for å vise kva som blir forventa av ein 10.klassing!

### Statistikk:

#### Forhåndskarakter

Sist oppdatert : **21.06.2013 - Hele landet**

Fagkode	Fagnavn	Antall	%1	%2	%3	%4	%5	%6	Snitt	Std. avvik
ENG0012	Engelsk 10. årstrinn, skriftlig	40082	1,2	10,4	29,5	33,1	19,7	6,1	3,8	1,1

Sist oppdatert : **21.06.2013 - Sensurregion nr 07**

Fagkode	Fagnavn	Antall	%1	%2	%3	%4	%5	%6	Snitt	Std. avvik
ENG0012	Engelsk 10. årstrinn, skriftlig	3106	0,6	8,8	29,4	33,4	21,3	6,5	3,9	1,1

## Endelig karakter

Sist oppdatert : **21.06.2013 - Hele landet**

Fagkode	Fagnavn	Antall	%1	%2	%3	%4	%5	%6	Snitt	Std. avvik
ENG0012	Engelsk 10. årstrinn, skriftlig	20035	1,0	10,0	29,9	33,9	19,6	5,5	3,8	1,1

Sist oppdatert : **21.06.2013 - Sensurregion nr 07**

Fagkode	Fagnavn	Antall	%1	%2	%3	%4	%5	%6	Snitt	Std. avvik
ENG0012	Engelsk 10. årstrinn, skriftlig	1553	0,6	8,4	29,2	35,4	20,3	6,1	3,8	1,1

Sist oppdatert : **21.06.2013 - Møre og Romsdal**

Fagkode	Fagnavn	Antall	%1	%2	%3	%4	%5	%6	Snitt	Std. avvik
ENG0012	Engelsk 10. årstrinn, skriftlig	1055	0,7	9,1	31,2	33,8	19,4	5,8	3,8	1,1

Sist oppdatert : **21.06.2013 - Sogn og Fjordane**

Fagkode	Fagnavn	Antall	%1	%2	%3	%4	%5	%6	Snitt	Std. avvik
ENG0012	Engelsk 10. årstrinn, skriftlig	498	0,4	7,0	24,9	38,8	22,1	6,8	4,0	1,0

Med helsing

Sigrun Rogne (oppmann)